



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/10467 - 22/10012

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@alver.kommune.
no

Dato:
03.02.2022

Oversender søknad til uttalelse - gbnr 355/65 Skjelanger

Tiltak: Einebustad
Byggjestad: Gbnr: 355/65
Tiltakshavar: Kåre Skjelanger
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS

Saka gjeld søknad om løyve til oppføring av einebustad med BRA opplyst til å vere 143 m² og BYA 237,3 m². Det vart gitt løyve til deling og oppretting av eigedom i vedtak datert 26.08.2021, saksnr. 891/21.

Søknaden er nabovarsla i tråd med pbl § 21-3. Det ligg ikkje føre merknadar til nabovarselet.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål i KDP for Meland.

Tillatt grad av utnytting etter gjeldande plan er 30 % BYA.

VURDERING

Dispensasjon

Det vart søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet med følgjande grunngiving:

Begrunnelse:

Det søkes dispensasjon for tiltak i LNF område.

Grunneiendom er skilt ut fra hoved bruk med formål boligbygging. Søknaden har vært behandlet i administrasjon, politikere og hos Statsforvalter. Tillatelse til oppretting av ny grunneiendom ble gitt høsten 2021.

Om søkte tiltak er er i tråd med intensjonen for oppretting av ny grunneiendom.

Krav om reguleringsplan anses som ikke relevant i denne saken siden den nylig har vært gjennom behandling i kommunale organ uten at dette krave er fremmet.

Vi mener hensynene bak bestemmelser ikke blir vesentlig tilsidesatt og at fordelene ved å gi dispensasjon er klart større en ulempe.

